



Midt-Telemark kommune

STATUS OG UTFORDRINGAR **FOR MIDT-TELEMARK KOMMUNE 2019**

Grunnlag for kommunal planstrategi 2020-2023
(plan- og bygningslova §10-1) og folkehelseoversikt
(folkehelselova §5)




Innhold

Innleiing	3
1. SAMAN – identitet, demokrati og samskaping	4
Identitet	4
Sterk frivillig sektor	5
Tillit	6
2. SKAPAR – attraktivitet for næring, bustad og besøk	7
Folketal- og bustadutvikling	7
Arbeidsplassar og næringsattraktivitet	8
Skule- og studiestad	10
Sentrumsutvikling	10
Attraktivt reisemål	11
Ein av landets fremste kulturkommunar	11
3. VI – livskvalitet og levekår	13
Organisasjon	13
Kommuneøkonomi og økonomisk handlingsfridom	14
Effektive og tilpassa tenester	15
Gjennomføring av vidaregåande skule	16
Aktive og helsefremjande liv	19
Sosial ulikskap	21
Bu heime så lenge som mogleg og like høve til å delta	23
4. FRAMTIDA – innovativt, smart og grønt Midt-Telemark	23
Innovativ landbruksnæring med høg verdiskaping	23
Klimagassutslepp	24
Kompakt utbyggingsmønster og klimavenleg transport	25
Attraktive og tilgjengelege natur- og friluftsområde	26
Samarbeid om innovasjon og nyskaping	26
God beredskap	27
5. Kjelder	27

Innleiing

Kommunestyret skal vedta ein planstrategi for valperioden (plan- og bygningslova §10-1). I denne tar kommunestyret stilling til kva planar som skal prioriterast i perioden. Figur 1 viser planstrategien sin plass i det kommunale plansystemet kvart fjerde år.



Figur 1 Planstrategien si plassering i det kommunale plansystemet

Dette dokumentet omtaler status og utfordringer for Midt-Telemark kommune hausten 2019, både som organisasjon og lokalsamfunn. Utval av tema er gjort på bakgrunn av satsingsområde og mål i [samfunnsdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune](#), dvs. vedtatt politikk i kommuneplanen. Dokumentet er inndelt i satsingsområda frå planen og hovudmåla er oppsummert innleiingsvis under kvart satsingsområde. Dette gir eit bakgrunnstepp for vurdering av planbehovet i planstrategien.

Det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet kommunen skal drive, er kopla opp mot planstrategiarbeidet i styringssirkelen som er vist under, jf. folkehelselova §5. Oversikt over folkehelse-tilstanden skal ligge til grunn for planstrategien, og oversikt for Midt-Telemark tatt inn i dette dokumentet.



Figur 2 Styringssirkelen i folkehelselova


Dokumentet skal gje eit kunnskapsgrunnlag for planar og tiltak som kommunestyret seinare vil få til behandling. Enkelte av diagramma ligg og i rådmannen sitt forslag til økonomiplan hausten 2019. Rutinar for samordning av plan- og økonomiarbeidet vil bli vidareutvikla i ny kommune både for å effektivisere arbeidet og gjere det meir oversiktleg.

1. SAMAN – identitet, demokrati og samskaping


Midt-Telemark kommune har mål om at innbyggjarane skal oppleve tilhøyrgheit til ny kommune, ha ein sterk og aktiv frivillig sektor og høg grad av tillit i lokalsamfunnet.

Identitet

Lokalmiljø kan gi ulike høve til utfolding og sosialt samvær. Organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar korleis den enkelte kan utfalde seg og bidrar til å skape identitet og tilhøyre i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil og vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt. Midt-Telemark kommune har eit rikt kulturliv, høg grad av frivillige organisasjonar, god tilgang til idrett og friluftsliv og eit godt utdannings-tilbod. Områda som kjem dårlegare ut er kor mange ungdom som er fornøgde med lokalmiljøet, som er lågare i Sauherad enn i Bø (Ungdata 2018). Ungdom i både Bø og Sauherad meiner at det ikkje er nok møteplassar.




Figur 3 Prosent ungdomsskuleelevar som svarer «svært fornøyd» eller «litt fornøyd» på spørsmålet: "Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med lokalmiljøet der du bor?"




Figur 4 Prosent ungdomsskuleelevar som svarer «Svært bra» og «Nokså bra» på spørsmålet «Hvordan opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjelder lokaler for å treffe andre unge på fritida?»

Tilgang til internett for alle innbyggjarar og næringsliv er ein føresetnad for deltaking i lokalsamfunnet. Dekningsgraden for breiband er i dag god i tettstadene, men ikkje tilfredsstillande i delar av områda med spreidd busetnad. Raude ruter i karta under viser husstandar som ikkje har 30Mbit i dag, dvs. øvre grense for tildeling av tilskotsmidlar for breibandsutbygging (NKOM).



Figur 5 Dekning for 30Mbit breiband, Bø




Figur 6 Dekning for 30Mbit breiband, Sauherad

Sterk frivillig sektor

Midt-Telemark kommune har ein sterk og aktiv frivillig sektor som bidrar til trivsel, verdiskaping og attraktivitet. Å legge til rette for at frivilligheten har gode vekstvilkår er eit viktig samfunnsansvar. Kommunen utarbeider no ei frivilligmelding der politikken for samhandling med frivillig sektor blir fastsett.

Å delta i det frivillige livet gir høve for den enkelte til å etablere sosiale relasjonar, å meistre på arenaer saman med andre og slik bidra til eit godt lokalmiljø. Dugnadsarbeid og frivillig innsats er viktige verdiar i det norske samfunnslivet og er og ein av berebjelkane i eit rikt kulturliv. I Midt-Telemark er det lange tradisjonar for å finansiere drift av laga gjennom ekstraordinær dugnadsinnsats og samarbeid. Gode døme er samarbeidet mellom Bø Sommarland og frivillige lag om store cupar og festivalar og det fruktbare samarbeidet mellom kommunale kulturskular og korps, kor, barne- og ungdomsteater, folkedans og spel. Dette er avtaler og samarbeid som sikrar rekruttering og aktivitet. Frivillige bidrar i samfunnsnyttig teneste i Midt-Telemark gjennom humanitære, sosiale og kulturelle lag og foreiningar og gjennom idrett- og friluftsliv, velforeiningar og interesseorganisasjonar. Det er etablert frivilligsentralar i Bø og på Gvarv, som både har ein viktig funksjon som formidlar av frivillige til oppdrag og tenester, mens dei samtidig er sosiale møteplassar.


Dei fleste barn og unge deltar i organiserte fritidsaktivitetar, men deltakinga blir lågare i løpet av ungdomsskule og vidaregåande skule. Deltakinga er mindre blant barn av foreldre med låg inntekt og utdanning. Fritidstilbod der alle kan delta uavhengig av ferdigheiter og økonomi er difor viktig. Det er prosentvis færre ungdom som er med i ein fritidsorganisasjon i Sauherad enn i Bø, men er aukande sidan 2015 (Ungdata 2018).



Figur 7 Prosent ungdomsskuleelevar som svarte "Ja, jeg er med nå" på spørsmålet: "Er du, eller har du tidligere vært med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger - etter at du fylte 10 år?"

Tillit

Tillit mellom kommunen og ulike utviklingsaktørar og mellom administrasjon og politikarar i kommunen kan påverke utviklinga på ein stad. Høg grad av tillit kan gjere det enklare å vedta, igangsette og gjennomføre politikk og tiltak for å utvikle kommunen som stad og som organisasjon og kan påverke kultur og identitet positivt. Ei kartlegging av tillitsnivået i Bø og Sauherad viser at det er særskilt sterk stadidentitet i Bø, optimismen er høg og det er svært sterk tillit mellom politikarar og administrasjon (Telemarkforskning 2018). Undersøkinga viser at i Sauherad er den største utfordringa knytt til stadidentitet. Mange opplever dragkamp mellom ulike delar av kommunen. Tilliten mellom kommune og næringsliv er relativt låg. Resultata av undersøkinga er visualisert i tillitskarta under, der fargen viser negativt eller positivt avvik i høve til andre kommunar som er kartlagt. Telemarkforskning konkluderer med at i ny kommune vil det vere naturleg å starte med å bygge opp identiteten til Midt-Telemark kommune for å auke graden av tillit, der identitet og optimisme knytt til staden er ein viktig komponent.



Figur 8 Tillitskart for Bø og Sauherad (Telemarkforskning)

2. SKAPAR – attraktivitet for næring, bustad og besøk

Midt-Telemark kommune har mål om ha vekst i befolkning og arbeidsplassar, og vere ein attraktiv skule- og studiestad, ha eit levande regionsenter i Bø og lokalsenter på Gvarv, vere eit attraktivt reisemål og ein av landets fremste kulturkommunar.


Folketal- og bustadutvikling

Pr 1.1.19 var folketallet i Midt-Telemark kommune (utan Hjuksebø og Angard) 10 475 innbyggjarar. SSB sine prognoser viser at folketallet vil auke med om lag 2 200 innbyggjarar til i overkant av 12 600 innbyggjarar dei neste 20 åra. Grafen under viser forventa befolkningsutvikling i ulike alternativ avhengig av kor attraktiv kommunen er (låg, middels, høg attraktivitet). Bø har hatt ein svært høg historisk attraktivitet, og figuren viser at dersom denne held fram, kan folketalsutviklinga bli høgare enn SSB sine prognoser. Dersom ein ikkje opprettheld den høge attraktiviteten, kan folketallet stabiliserast, eller i verste fall synke, i løpet av dei neste 20 åra. Om lag 2500 studentar ved USN Campus Bø kjem i tillegg til folketallet i figuren under.




Figur 9 Prognoser for folketalsutvikling i Midt-Telemark kommune fram mot 2040 (Telemarkforskning)

Bustadattraktivitet er differansen mellom forventa nettoflytting (utifrå strukturelle drivkrefter som nasjonal innvandring, sentralitet og arbeidsplassutvikling i nabokommunar) og faktisk nettoflytting. Figur 10 viser bustadattraktiviteten for kommunane i Telemark i perioden 2009-2018 saman med dei strukturelle drivkreftene, arbeidsplassvekst og fødselsoverskot. Sauherad har hatt lågare nettoflytting enn forventa og dermed negativ bustadattraktivitet, medan Bø har hatt svært høg netto tilflytting i høve til kva som er forventa.



Figur 10 Betydning av struktur, fødselsoverskudd, arbeidsplassvekst og bustadattraktivitet for nettoflytting i perioden 2009-2018

Bustadmasse i Midt-Telemark er dominert av einebustader. Sidan 2012 einebustadane utgjort om lag 65% av samla bustadmasse i Bø og 85% i Sauherad. I same periode har tal personar pr. hushaldning blitt redusert frå 2,1 i Bø og 2,3 i Sauherad til 2,0 i Bø og 2,2 i Sauherad. Denne kunnskapen og kunnskap om aldersfordeling i framtidig befolkning (sjå Figur 23) tilseier at ny kommune må planlegge for fleire mindre bustader som rekkehus og leilegheiter for å dekke bustadbehovet i ny kommune.




Figur 11 Oversikt over bustadmasse i Bø og Sauherad (SSB)

Basert på Husbanken sine prognosar for framtidig bustadbehov dei neste 10 åra om lag 130 i Bø og 40 i Sauherad. I gjeldande arealdelar er det lagt til rette for eit langt større omfang av bustader enn det prognosane tilseier.


Arbeidsplassar og næringsattraktivitet

Sidan 2000 har næringslivet i Midt-Telemark kommune vekse med 279 arbeidsplassar (Telemarkforskning). Veksten er om lag likt fordelt mellom dei lokale næringane (dei som leverer tenester til lokalbefolkning), basisnæringane (landbruk, industri, massetak, teknisk/vitskap) og dei regionale næringane (bygg/anlegg, engros, eigedom, finans, transport, forretningsmessig tenesteyting mm). Besøksnæringane har hatt ei nedgang på 37 arbeidsplassar i perioden. I same periode har det vore ein vekst på om lag 350 offentlege arbeidsplassar, der i overkant av 300 er i kommunal sektor og 70 i statleg, og ein nedgang på om lag 35 fylkeskommunale arbeidsplassar.



Figur 12 Arbeidsplassutvikling Bø og Sauherad samla 2000-2018 (Telemarkforskning)

Næringsattraktivitet målast som vekst av arbeidsplassar i næringslivet i høve til forventa vekst, dvs. i høve til nasjonal vekst i bransjen og evt. befolkningseffekt. Midt-Telemark har hatt ein høg næringsattraktivitet for basisnæringane, som har vekse her medan dei har skrumpa i resten av landet. Besøksnæringane og dei regionale næringane har derimot hatt ein negativ næringsattraktivitet i perioden, men bra dei fire siste åra. I sum har Midt-Telemark kommune hatt ein negativ næringsattraktivitet, dvs. at det var forventa at veksten i arbeidsplassar i næringslivet skulle vore 30 arbeidsplassar meir enn det som har vore.



Figur 13 Næringsattraktivitet for Bø og Sauherad samla 2003-18 (Telemarkforskning)

Midt-Telemark kommune er del av ein større bu- og arbeidsmarknad. Den største innpendlinga kjem frå Nome, medan utpendling i hovudsak skjer til Notodden, Oslo, Grenland og Seljord. Pendlarstatistikk på grunnkrinsnivå er ikkje tilgjengelig, men sannsynlegvis vil talet på utpendling til Notodden reduserast i ny kommune etter grensejustering ved Hjuksebø. Det er verdt å merke seg at netto utpendling no er større til Kongsberg/Oslo enn til Grenland, dvs. langs Sørlandsbanen.


Tabell 1 Inn- og utpendling til og frå Midt-Telemark kommune 2005-2018

Pendling frå (-) og til (+) Midt-Telemark kommune	2005	2010	2018
Nome	64	142	226
Notodden	-290	-303	-229
Skien	-83	-146	-130
Seljord	-8	-40	-65
Porsgrunn	-79	-43	-71
Kongsberg	-66	-67	-83
Kviteseid	22	-4	-13
Oslo	-163	-141	-125

Skule- og studiestad

Studentane si helse – og trivselundersøking frå 2018 (SHOT 2018) viser mange av dei same trendane for helseutfordringar som i resten av befolkninga. Rundt 30% av studentane er overvektige, og talet er aukande. Rundt 25% har søvnproblem, 38% føler seg ofte/svært ofte einsame og mange (42%) rapporterer om psykiske plager. 15% har søkt hjelp for psykiske plager siste 12 månader. Av gruppa med alvorlege og mange symptom på psykiske plager har 61% likevel ikkje søkt hjelp for desse plagene siste 12 månader. 65% av studentane i Bø er fornøgd med studentmiljøet, men berre 29% er tilfreds med helsetilbodet på studiestaden. Det er i 2019 etablert eit felles samarbeidsforum mellom USN, SSN og helsesektoren i kommunen for å samarbeide betre om eit godt helsetilbod til studentane.

Bø sentrum er region- og kommunesenter, og Gvarv er lokalsenter for Midt-Telemark kommune. Som figuren under viser, så er ca. halvparten av befolkninga i Midt-Telemark kommune busett i tilknytning til Bø sentrum, og Gvarv er den nest største tettstaden.



Detaljhandel har tradisjonelt vore drivkraft i sentrumsutvikling i byar og tettstader. Megatrender påverkar korleis vi ønskjer å bu, handle, jobbe og leve, og butikkane utfordrast av auka netthandel. Utfordringa for sentrumsutvikling framover vil vere å skape byliv med ein kombinasjon av handel, servering, kultur og aktivitet i gode byrom som gjer at innbyggjarar og tilreisande ønskjer å opphalde seg i sentrum sjølv om ein får kjøpt det ein har behov for utan å oppsøke butikkane.

I Bø sentrum vart det i 2018 vedtatt ein ny områdereguleringsplan for sentrum, som legg til rette for høg grad av fortetting med bustader og forretning i sentrum. Eigedomssstrukturen i sentrum, med mange små eigedomar, er utfordrande for å få utløyst fortettingspotensialet. Etablering av eit gardeigarsamarbeid vil sannsynlegvis vere naudsynt for å få utløyst dette potensialet og for å styrke arbeidet med utvikling av eit attraktivt sentrum. I Gvarv sentrum er bustadprisane den største utfordringa for å få utbyggarar til å tørre å investere og få realisert ønskt fortetting. Ein bustadpolitisk plan for Midt-Telemark kommune vil vere viktig for å fastsette kva rolle kommunen skal ta i bustadpolitikken for å oppnå ønska mål.

Bø sentrum er prega av stor biltrafikk. Gjennom Bøgata køyrer det om lag 9000 bilar kvar dag (Statens vegvesen), noko som gir utfordringar for støy, trafikktryggleik, særleg for skulebarn gjennom sentrum og opplevingskvalitetar. Gjennomgangstrafikken utgjer om lag 20% av totaltrafikken, det vil sei at internttrafikk og anna trafikk som har Bø som målpunkt utgjer mesteparten av trafikken. Prognosane tilseier ei trafikkauke opp til 10300 køyrety i døgnet fram mot 2030.

Tømmerterminalen ved Bø stasjon legg beslag på verdifullt sentrumsareal og har ein lite gunstig plassering for tømmerbilane som har tilkomst over kundeparkeringsplassen. Bane NOR tilrår at tømmerterminalen flyttast til Sundet ved Nordagutu. Jernbanedirektoratet vil gje si tilråding til Samferdsledepartementet i løpet av hausten/vinteren 2019. Framdrift for flytting av ny tømmerterminal blir viktig både for tømmer nærings og for utvikling av Bø sentrum.


Attraktivt reisemål

Reiselivet i Midt-Telemarkregionen har hatt ei god utvikling dei siste 5 åra. 2018 skil seg ut som eit topp-år for både overnattingsbedriftene og Bø Sommarland, medan det var eit noko lågare besøk sommar 2019. Sommarsesongen er utan tvil den viktigaste for reiselivet i vår region, med Bø Sommarland som den største attraksjonen med om lag 150 000 besøkande kvart år. Juli er den aller beste månaden gjennom året, og regionen står sterkt i reiselivet i Telemark. Kvar tredje gjest i Telemark i juli overnattar i Midt-Telemark. Regionen marknadsfører seg som «ein av Norges største campingregioner», og hovudmålgruppa er barnefamiljar i aktivitet.


Overnatting på campinghytter ser ut til å ha høgast auke dei siste tre åra, medan bubilturismen er stabil. Telt/campingvogn utgjer store del av besøkande og er sterkt påverka av været. Kanalbåtane har hatt auke i tal passasjerar for 6.år på rad sommaren 2019.

Ein av landets fremste kulturkommunar

Norsk kulturindeks (Telemarkforskning) er ein årlig oversikt som skal vise det faktiske kulturtilbodet, frivilligheten og kulturbruken i kommunen, samanlikna med andre kommunar. I 2018 var Bø rangert på ein 7.plass i landet og Sauherad på 213.plass. Båe plasseringar er relativt stabile over fleire år. Diagramma under viser korleis dei to kommunane scorar på ulike parametrar i indeksen. For Midt-Telemark kommune ligg utfordringane særleg på museumsområdet, på kulturskuleområdet samla sett og på frivillighet – der det er lav organiseringsgrad i Sauherad som særleg gjør et negativt utslag.




Figur 15 Score på kulturindeksen 2018 for Bø kommune





Figur 16 Score på kulturindeksen 2018 for Sauherad kommune


Diagramma nedanfor viser utvikling over tid for eit utval av indikatorar frå kulturindeksen.





Figur 17 Elevar i kulturskolen i Bø og Sauherad 2012-17




Figur 18 Kinobesøk i Bø 2012-17



Figur 19 Bibliotekutlån i Bø og Sauherad 2012-17



Figur 20 Frivillig aktivitet i kultursektoren i Bø og Sauherad basert på mva-refusjon 2012-17




3. VI – livskvalitet og levekår

Midt-Telemark kommune har mål om å gje gode og effektive tenester, at minimum 85% av elevane fullfører vidaregåande skule, at innbyggjarane har aktive og helsefremjande liv der alle kan delta i aktivitetar uavhengig av bakgrunn og at dei skal kunne bu heime så lenge som mogleg.


Organisasjon

Ein kompetent kommuneorganisasjon med heiltidskultur er grunnlag for at kommunen skal gje gode, effektive og tilpassa tenester. Kommunen si største utfordring som arbeidsgjevar er bruk av deltid, høgt sjukefråvær og å realisere gevinstar gjennom digitalisering. Låg prosent heiltidsstillingar er ei utfordring innanfor pleie- og omsorgssektoren generelt. Oversikta under viser at det har vore ei god utvikling i Sauherad, der det er større prosent heiltid innanfor turnustilsette i pleie og omsorg enn landsgjennomsnittet. Dette stemmer godt med det prioriterte prosjektet «heiltidskultur» innanfor pleie og omsorg som starta i 2016. Denne satsinga vidareførast i ny kommune.



Figur 21 Prosent heiltidsstillingar i Bø og Sauherad 2015-2018

Arbeidsgjevarstrategien har til hensikt å auke heiltid og positiv utvikling i sjukefråværet, noko som vil ha stor betyding for effektiv driftsøkonomi. I 2018 var sjukefråværet for Bø 8,9% og Sauherad 7,3%. Dette er lågare enn landsgjennomsnittet på 9,8%. Arbeid med oppfølginga av sjukefråvær følger prinsippet «trygg, tett og tidlig».



Figur 22 Utvikling sjukefråvær i Bø og Sauherad 2012-19

Kommunebarometeret måler kompetanse m.a. på kor mange tilsette i pleie og omsorg som har fagutdanning. Her ligg Bø på 216.plass i landet, medan Sauherad kjem betydeleg betre ut på ein 112.plass. Kor mange av dei tilsette i grunnskulen som har kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matte på 1.-7.trinn er svært låg i Sauherad, og kommunen havnar på 407.plass blant kommunane. Bø ligg på 104.plass. Når det gjeld tilsette i barnehagane med pedagogisk utdanning, har både kommunane betre resultat. Sauherad ligg på 71.plass (private barnehagar) og Bø på 49.plass for private barnehagar og heilt opp på 22.plass for kommunale barnehagar.

Kommuneøkonomi og økonomisk handlingsfridom

Som det går fram av forslag til økonomiplan for Midt-Telemark kommune, så har kommunen eit budsjett på om lag 1 milliard kr i 2020, rundt 810 årsverk fordelt på om lag 1 065 tilsette, og lønsutgiftene utgjer i overkant av 60% av driftsbudsjettet. Kommunesamanslåinga gir oss på sikt høve til å etablere ein meir effektiv og dynamisk organisasjon, men dette er krevjande startfasen. Den økonomiske handlingsfridomen for den nye kommunen er mindre enn ønskt og skyldast fleire tilhøve. I fyrste del av økonomiplanperioden vil driftsinntektene reduserast med ca. 40 mill. Dette skyldast m.a. endring i eigedomsskattelova, kommunelova og at grensejustering mot Notodden gir reduserte inntekter. Veksttilskotet som Bø har nytt godt av dei siste tre åra blir redusert som følge av samanslåinga. Driftsrammene gir difor ein stram budsjettsituasjon i tida framover.

Midt-Telemark kommune får ikkje større inntekter gjennom rammetilskotet som følge av at to kommunar slår seg saman. Kommunar som slår seg saman får inndelingstilskot frå og med 2020 til 2040 som kompensasjon for reduksjon i rammetilskotet. For Midt-Telemark kommune utgjer dette 18,1 mill. kr. Det forventast at ein større kommune skal drive meir effektivt. Det er viktig å få etablert felles forståing for dei økonomiske rammene i åra framover. Ein må sikre handlefridom for det nye kommunestyret ved å legge til

rette for eit budsjett med driftskostnader på eit berekraftig nivå. Alle nye tiltak må finansierast ved omprioriteringar, omstilling, effektivisering eller å legge ned eksisterande tiltak. Potensialet for å få til dette bør vere større i ein større kommune med eit samla budsjett på om lag 1 milliard kroner.

En kommune med god styring av økonomien kjenneteiknast ved balanse i drift, ikkje for høg lånegjeld og reserver i disposisjonsfond. I intensjonsavtala for Midt-Telemark kommune er det nedfelt at kommunen skal få «Meir solid økonomi for å takle økonomiske svingingar». Langsiktig økonomiplanlegging kan vere krevjande, men naudsynt, for å etablere grunnlag for politisk handlingsrom og eit godt tenestetilbod over tid. Økonomiplanlegging skal sikre både balanse i kommunen sin økonomi og handtering av usikkerhet og gje gevinstar i form av betre ressursutnytting og tenestetilbod.

Tilhøvet mellom investeringar, drift, fondsreserver og gjeldsutvikling vil vere eit resultat av kommunen sine prioriteringar. Dersom investeringar vert prioritert, vil dette få konsekvensar for tenestene ved at driftsutgiftene må reduserast. I kor stor grad avhenger av investeringsnivået, eigenkapitalfinansiering, rentenivå og avdragstid. Midt-Telemark kommune har vedtatt finansielle måltal for utviklinga av økonomien, sjå Tabell 2. Kommunen ønsker god balanse i drift, ikkje for høg lånegjeld og reserver i disposisjonsfond. Handlingsreglar for netto driftsresultat, disposisjonsfond, netto lånegjeld, netto finans og arbeidskapital er førande for kommunen sitt budsjettarbeid for 2020-23.

Tabell 2 Handlingsreglar for Midt-Telemark kommune 2020-2023

	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	< 1,75 %	1,75 % - 2 %	> 2 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntektene	< 5 %	5 % - 10 %	> 10 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntektene	> 100 %	100 % - 80 %	< 80 %
Netto finans i % av driftsinntektene	> 10 %	5 % - 10 %	< 5 %
Arbeidskapital i % av driftsinntektene	< 10 %	10 % - 15 %	> 15 %


Effektive og tilpassa tenester

Kommunebarometeret rangerer alle kommunane i landet basert på offentlig tilgjengelege tal. Kommunebarometeret er inga vurdering av om innbyggjarane får gode nok tenester, men viser korleis kommunen sine målbare resultat er samanlikna med andre kommunar. For 2019 ligg det naturleg nok ikkje føre tal for Midt-Telemark kommune samla, og tal for Sauherad og Bø må difor nyttast kvar for seg. Bø havnar på 267.plass og Sauherad på 365.plass i Kommunebarometeret 2019. Plasseringane er justert med omsyn til økonomiske rammer. Nøkkeltala for Bø er omtrent som dei økonomiske føresetnadene tilseier, men ein god del svakare for Sauherad. Ser vi bare på nøkkeltallene og ignorerer økonomiske føresetnader, er kommunen på en 399. plass. Samla sett er nøkkeltala til både kommunane svakare enn normalen i kommune-Noreg.

Aldersfordelinga for den aukande befolkninga er avgjerande for korleis kommunen bør planlegge både tenesteproduksjon og bustadutvikling. Prognosen frå SSB i Figur 23 viser at aldersgruppa over 67 år vil vokse med om lag 1000 personar fram til 2040, dvs. i overkant av 50% auke og den største prosentvise auka av aldersgruppene. I 2018 var det i overkant av 500 personar over 80 år i Midt-Telemark kommune, og denne gruppa vil doblast dei neste 20 åra.


Innbyggjarar over 67 år vil utgjere ein betydeleg større del av folketallet fram mot 2040. Kommunen får og ansvar for tenester til fleire brukarar med store og samansette behov. Dette vil krevje auka bruk av helse –

og velferdstenester og behov for rekruttering og kompetanseheving av fagpersonell. Forsørgerbyrda (innbyggjarar 20-65 år i høve til innbyggjarar over 66 år) vil auke fram mot 2040. Det må satsast på førebygging og mestring, velferdsteknologi, betre utnytting av ressursane og tilrettelegging for at innbyggjarane kan bu heime lengst mulig med m.a. styrking av dagtilbod.




Figur 23 Aldersfordelt befolkningsutvikling fram mot 2040 (SSB)

Diagramma under viser korleis elevtalet vil utvikle seg avhengig av kor attraktiv kommunen er (Telemarkforskning). Dersom ein legg historisk attraktivitet til grunn, vil det vere 350 fleire skulebarn i Bø i 2040 enn i dag, medan det i Sauherad vil vere om lag 50 færre skulebarn.



Figur 24 Scenarior for tal skulebarn i grunnskulealder i Bø




Figur 25 Scenarior for tal skulebarn i grunnskulealder i Sauherad

Gjennomføring av vidaregåande skule


Sidan utdanning er eit av dei viktigaste folkehelseiltaka, er auka gjennomføring i vidaregåande opplæring svært viktig i folkehelsearbeidet. Fråfallet i vidaregåande skule har blitt lågare dei siste åra, men framleis er det mellom 16 og 23% som ikkje har fullført etter fem år i Bø og Sauherad. Det er langt færre gutar enn jenter som fullfører vidaregåande opplæring på normert tid, og det er meir fråfall blant elevar i yrkesfag. Overgangen frå skule til læreplass er mest kritisk. Det faglege utgangspunktet elevene har når dei begynner på vidaregåande skule og utdanningsnivået til foreldra har stor innverknad på gjennomføringsgraden.

Ungdom som droppar ut seier at mobbing, einsemd og psykiske problem var hovudårsaker til at dei slutta. Utfordringane har ofte oppstått før elevane begynte i vidaregåande opplæring.




Figur 26 Fråfall i vidaregåande skule for busette i Bø, Sauherad, Telemark og landet. Prosent som ikkje har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse etter fem år (Kommunehelsa)

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum berekna ut frå alle karakterar på vitnemålet i 10. klasse og danner grunnlag for opptak til vidaregåande skule. Nivået på grunnskulepoeng er vesentleg for gjennomføringsgraden i vidaregåande skule. Både Bø og Sauherad ligg lågare enn landsgjennomsnittet, men liknar dei andre Telemarkskommunane. Unnataket er 10.klasse i Bø i 2018/19.




Figur 27 Grunnskulepoeng i landet, Telemark, Bø og Sauherad 2016-2019 (Udir, Skoleporten)

Ein av dei viktigaste oppgåvene for skulen er å hjelpe elevane til å bli gode lesarar og kunne rekne, basisferdigheitar som er viktig vidare i utdanningsløpet og arbeidslivet. Både Bø og Sauherad har kvart år mange 5.klassingar som ligg på lågaste mestringsnivå i lesing og rekning, og Sauherad skil seg særskilt ut på lågt mestringsnivå i rekning. Skolene har innført tolærarsystem i alle fag på grunnskulane og i basisfaga på ungdomsskulane. Eit tolærarsystem gir større høve for tilpassing blant anna i små grupper, og hjelpa kjem fleire elevar til gode. Ved småtrinnet er det og kurs i lesing og matematikk for dei som treng ekstra trening.




Figur 28 Prosent 5.-klassingar med leseferdighet på lågaste mestringsnivå (Kommunehelsa)



Figur 29 Prosent 5.-klassingar med rekneferdighet på lågaste mestringsnivå (Kommunehelsa)

Både Bø og Sauherad har fleire elevar med spesialundervisning enn gjennomsnittet nasjonalt, og prosenten aukar med alderen på elevane. Nasjonale tal viser at nesten 70% av dei som får spesialundervisning er gutar. Det er tydelege teikn til at spesialundervisning nyttast i mindre grad i skular som har større lærartetthet. Å inkludere elevar med særskilte behov i ordinær undervisning kan bidra til at dei i større grad inkluderast i fritidsaktiviteter og sosialt samvær og kan ha positiv sosial effekt på alle elevar. Lærevanskar heng saman med auka risiko for åtferdsforstyrrelser og psykiske helseutfordringar.

Dei fleste i Midt-Telemark kommune trivst godt i barnehagen og på skulen, men mobbing eit alvorleg problem som rammer eit betydeleg tal barn og øydelegg skulekvardagen for mange. Mobbing og einsemd kan vere nøkkelårsaker til fråfall frå vidaregåande opplæring. Førebygging må starte allereie i barnehagen, og tiltak må settast i gang raskt når det oppdagast mobbing.



Figur 30 Prosent ungdomsskuleelevar som svarer at dei blir mobba kvar 14. dag eller oftare (Ungdata)

Elevundersøkinga viser at andelen som har blitt mobba ved Bø ungdomsskule har auka betydeleg og er høgare enn landsgjennomsnittet. I Sauherad er tala så låge i 2018 at dei er unntatt offentlegheit, og dette er ein betydeleg nedgang frå 2017. Dette syner at det er svært viktig å jobbe godt førebyggjande. Ha gode ordensreglar, klasseromsreglar, tydelege vaksne og god vaksentetthet i friminutta skapar tryggleik. God samhandling om mykje aktivitet, både organisert og ikkje, i friminutta der det er rom for alle, er svært positivt for miljøet.


	7. trinn 2017/18	7. trinn 2018/19	10. trinn 2017/18	10. trinn 2018/19
Sauherad kommune	12,5	*	*	*
Bø kommune	7,2	12,2	7,8	13,2
Telemark fylke	7,1	6,4	7,7	7,6
Nasjonalt	7,2	6,9	8,8	7,0

Figur 31 Andelen elevar som seier dei har blitt mobba på skulen (Udir, Skoleporten, Elevundersøkelsen)

Aktive og helsefremjande liv

Dei viktigaste årsakene til redusert helse i Norge i dag er muskel- og skjelettsjukdommar, psykiske plager og lidningar, hjarte- og karsjukdommar og kreft. Ikkje-smittsame sjukdomar som diabetes, kols og demens utgjer og ein vesentleg del av sjukdomsbyrden. Her skil ikkje Bø og Sauherad seg vesentleg ut frå landet som heilskap. Røyking, usunt kosthald og lite fysisk aktivitet er viktige risikofaktorar for hjarte- og karsjukdommar, kreft, diabetes og kols. Risikofaktorane har og betyding for muskel- og skjelettlidningar og psykisk helse, og påverkar førekomst av overvekt. Familie, oppvekstmiljø, utdanning og økonomi kan svekke eller styrke evna til å ta vare på helse. Dette kallast helsedeterminantar og omfattar m.a. inntekt og sysselsetting, oppvekst og utdanning, sosiale nettverk, bo- og nærmiljø, kultur, helsetenester og individet sine eigne helsevaner.

Fysisk aktivitet i oppveksten førebygger helseplager både i barndom og seinare i livet. Nasjonale tall synar at dei fleste 6-åringar oppfyller tilrådinga om 60 min dagleg fysisk aktivitet, men blant 15-åringane er det berre halvparten som oppfyller tilrådinga. Gutar er meir aktive enn jenter. Stillesitting i samband med skule, skjerm og transport er ei utfordring. Tilgang til trygge utandørs leikeareal og turterreng der ein bur og fysisk aktivitet i skule og barnehage er viktig for mulighetene for å vere fysisk aktive i oppveksten. Vidare har det betyding om ein erstattar stillesittande transport i bil med gåing og sykling i lokalmiljøet. Alle skulene i Midt-Telemark er med i Liv og røre, eit universelt folkehelseiltak som skal bidra til å integrere fysisk aktivitet i dei ulike fagene på skulen.




Figur 32 Prosent ungdomsskuleelevar som svarte «1-2 ganger i måneden», «sjelden» eller «aldri» på spørsmålet: "Hvor ofte er du så fysisk aktiv at du blir andpusten eller svett?" (Ungdata)

Blant vaksne i gruppa 20–64 år oppfyller 34% av kvinnene og 29% av mennene på nasjonalt nivå Helsedirektoratet si anbefaling om minst 150 min moderat fysisk aktivitet per uke eller 75 min med høg intensitet. Av menn i den høgste utdanningsgruppa oppfyller nær dobbelt så mange anbefalingane i høve til menn med låg utdanning. 15-20% av barn i Norge i dag er overvektige, og tallet er økande. Tal på gravide kvinner med overvekt og fedme ved første svangerskapskontroll er også aukande og ligg på rundt 35% i Midt-Telemark.


Det er markant færre som røyker etter årtusenskiftet, men tobakk er likevel framleis ei helseutfordring. Fleire unge snusar no enn tidlegare. I Bø og særskilt i Sauherad er det fleire kvinner som røyker i starten av svangerskapet enn i Telemark og nasjonalt. Alkoholkonsumet blant vaksne aukar, men unge si bruk av alkohol har vist ein tydeleg nedgang frå årtusenskiftet. Likevel er det mange unge som drikk alkohol, og bruken aukar kraftig i løpet av vidaregåande. I starten av vidaregåande har under halvparten vore tydeleg berusa, men dette aukar til over 80% i VG3 i Midt-Telemark, som er likt landet forøvrig. Det er små forskjellar mellom gutar og jenter sine alkoholvaner. Det er fleire som brukar cannabis no enn tidlegare (Ungdata). På ungdomstrinnet svarar under 2% at dei har brukt hasj eller marihuana to eller fleire gonger det siste året, mot 8% på vidaregåande i Midt-Telemark. Fleire gutar enn jenter seier dei har brukt cannabis, og kjønnsforskjellane aukar med alderen.

Psykiske helseplager er aukande både blant unge og vaksne, og mange opplev einsemd. Blant unge har psykiske plager auka dei siste åra og mest blant jenter. Dette gjeld både sjølvrapporterte plagar og diagnostiserbare lidingar, og depresjons- og angstsymptom er dei vanligaste. 15-20 % av barn og unge i Noreg har nedsett funksjon på grunn av psykiske plagar, og 8% har så alvorlege plagar at det definerast som psykisk lidning. Ungdata viser at ungdom i Midt-Telemark kommune er på line med resten av landet, der rundt 15% er plaga med depressive symptom og 20% med einsemd.



Tidstrend i Bø og Sauherad

Prosentandel av ungdomsskoleelever som er mye plaget av ...




Figur 33 Prosent som er mye plaga av depressive symptom på ulike klassetrinn (Ungdata)

I fagmiljøa diskuterast moglege samfunnsmessige forklaringar for auka. Moglege forklaringar er auka openheit og merksemd om psykisk uhelse og dermed lågare terskel for å rapportere plager. Det er likevel uklart kvifor jenter skulle vere påverka i større grad enn gutar. Andre forklaringar er auke i rusmiddelbruk, endringar i forhold til kropp og utsjånad, sosiale media og skjermbruk og endringar i relasjon til skule m.a. endringar i muligheiter og krav (NOVA).

Tidlig innsats, tverrfagleg samarbeid og lågterskel hjelpetenester er viktig. Vidare er førebygging ved å legge til rette for deltaking og mestring, inkluderande barnehage- og skulemiljø, fritidsaktivitetar og møteplassar viktige satsingsområde.


Også hjå vaksne er det stadig fleire som oppsøker fastlege for psykiske plager i både i Bø og Sauherad.



Figur 34 Brukarar av primærhelsetenesta som følgje av psykiske lidningar eller symptom. Pr 1000 innb., 0-74 år (Kommunehelsa)

Ein betydeleg del av barn i Noreg vert utsett for vald eller overgrep. Vi vet relativt lite om den totale utbredelsen av vald og overgrep i Norge, og mørketallene er store, men en rapport frå 2015 viser at 21% i alderen 18-19 år har opplevd fysisk vald frå minst ein forelder i oppveksten. 8% av ungdomane har sett eller høyrte ein av foreldra bli utsett for fysisk partnarvald minst ein gang, og så mange som 1 av 10 jenter svarer at dei hadde vært utsett for valdtekt (Mossige & Stefansen, 2016). Ungdata viser at 14% av elevene på ungdomsskulane i Midt-Telemark kommune har vore utsett for truslar om vald minst ein gong det siste året. Å oppleve vald i barndommen kan medføre alvorlege fysiske og psykiske helseplager. Dette gjeld særleg dersom valden er gjentakande eller blir utøva av nokon som står barnet nær. Barn som har traumatiske opplevingar i barndommen, presterer oftare dårlegare på skulen enn andre barn, og dei har oftare problem som aggressiv åtferd og depresjon.

Det har dei seinare åra blitt betydeleg fleire unge uføre. Dette har særleg samanheng med auke i psykiske vanskar og lidningar blant ungdom og unge vaksne. Over halvparten av personar i 30-åra som blir uføretrygda, blir dette på grunn av psykiske lidningar.



Figur 35 Prosent av gruppa 18-44 år som er uføretrygda (Kommunehelsa)


Sosial ulikskap

Sosial ulikskap er ei aukande folkehelseutfordring både nasjonalt og lokalt. Det er store sosiale forskjeller i helse og sykdom, som gjelder for nesten alle sykdommer, skader og plager. Folkehelse rapporten 2018 på nasjonalt nivå synar blant anna:

- Total kreftdødelighet er større hos personer med kort utdanning.
- Personer med grunnskoleutdanning har tre ganger høyere risiko for kols enn personer med universitetsutdanning. Dette gjelder også når en tar hensyn til røykevaner og yrke.
- Akutt hjerteinfarkt oppstår oftere blant personer med kort utdanning enn blant personer med lang utdanning. Pasienter med kort utdanning har også høyere risiko for å dø etter et hjerteinfarkt, både innen 28 dager og innen ett år etter infarkt.
- Personer med lav sosioøkonomisk status har høyere risiko for psykiske lidelser.


- Ungdommer som vokser opp i familier med høy sosioøkonomisk status rapporterer oftere om høyere livskvalitet, bedre helse og mindre psykiske plager enn ungdommer som vokser opp i familier med lav sosioøkonomisk status.
- Forekomsten av skader og ulykker er høyere i grupper med kort utdanning enn i grupper med lang utdanning.

Midt-Telemark kommune har prosentvis fleire barn som veks opp i familiar med låginntekt enn elles i landet. Det er store sosiale helseforskjellar både knytt til psykiske og fysiske helseplager. Ein ser og sosiale forskjellar knytt til deltaking i fritidsaktivitetar, skuleprestasjonar, gjennomføring av vidaregåande skule, livsstil og levealder. Utjamning av sosial ulikhet i alle kommunale tenester er sentralt i folkehelsearbeidet.




Figur 36 Prosent barn (0-17 år) i lavinntektsfamilier (SSB)

I Bø er det stor forskjell i forventa levealder etter utdanningsnivå. Ein innbyggjar med vidaregåande skule eller høgare utdanning forventast å leve 7,3 år lenger enn ein med berre grunnskule. Det manglar tal frå Sauherad på dette området.



Figur 37 Forskjellar i forventa levealder ved fødselen mellom personer med grunnskule samanlikna med dei med vidaregåande utdanning eller høgare (Kommunehelsa)

Utdanningsnivå for foreldre har stor betydning for skuleresultata til barna. Trivsel på skulen, tid brukt på lekser, og ambisjonar for vidare utdanning, varierer blant ungdom etter kva for sosioøkonomisk bakgrunn dei har. Dermed kan overføringar mellom generasjonar forsterke og reproducere sosiale ulikheter. Skulegang påverkar også i mye større grad enn tidlegare arbeidsliv og personlig økonomi seinare i livet. Det er viktig å sikre at barnehagane og skulene har høg faglig kvalitet, muligheiter til tilpassa opplæring og mange tilsette med relevant utdanning.



Figur 38 Prosent av gruppa 30-39 år med vidaregåande eller meir som høgaste fullførte utdanningsnivå (Kommunehelsa)

Hovudmålet for integreringspolitikken er at innvandrarar og barna deira skal få bruke ressursane sine og bidra til fellesskapet. Nøklane til integrering i det norske samfunnet ligg i å delta i arbeidslivet og ha gode norskkunnskapar. I følge statistikk frå IMDi er det svært få (ca. 4%) deltakarar i introduksjonsprogrammet som er i arbeid frå eitt til fem år etter avslutta introduksjonsprogram i Bø og Sauherad. For Noreg er talet 62%. I 2018 var 47,5% av innvandrarar i arbeid, medan 63,3% av befolkninga elles var i arbeid i Bø. I Sauherad var 50,5% av innvandrarar i arbeid og 64,9% av befolkninga elles. Tal frå NAV viser at rundt ein tredjedel av mottakarar av sosialhjelp i Midt-Telemark kommune er innvandrarar. Å ikkje kunne delta i arbeid og utdanning på lik line med andre kan føre til uønskte skjevheitar, dårlegare levkår og utanforskap.

Bu heime så lenge som mogleg og like høve til å delta

I 2018 hadde i gjennomsnitt 81,6% av dei som bur på sjukeheim i Noreg omfattande pleiebehov og talet har auka klart over tid. I Bø er 72% av dei som bur på sjukeheim i denne kategorien og i Sauherad 64% (Kommunebarometeret). Dette indikerer at innsatsen framleis må dreiest over mot heimebasert omsorg for å nå målet om at flest mogleg skal kunne bu heime så lenge som mogleg. Gode tilbod på lågare trinn i omsorgstrappa er ein føresetnad for dette.

Gjennomsnittleg i Noreg opplever 76,5% av funksjonshemma at dei fullt ut får dekkja behovet om bistand til å delta i jobb eller studiar (Kommunebarometeret). I Sauherad ligg dette talet så høgt som 90% og 78% i Bø. 75% av funksjonshemma i Sauherad synast dei får dekkja behovet for bistand til å delta i fritidsaktiviteter, og 86% i Bø.

4. FRAMTIDA – innovativt, smart og grønt Midt-Telemark

Midt-Telemark kommune har mål om ei innovativ landbruksnæring, reduksjon av klimagassutslepp, eit kompakt utbyggingsmønster, verdifulle natur- og friluftsområde, samarbeid med næringsliv og utdanning om innovasjon og god beredskap.


Innovativ landbruksnæring med høg verdiskaping

Verdiskapinga frå landbruket i Midt-Telemark kommune er svært høg i fylkessamanheng. Dette skuldast i stor grad ein vesentleg fruktproduksjon, ei næring det er satsa mykje på dei siste åra. Lokale aktørar arbeider med foredling og det er konkret satsing på ciderproduksjon i tillegg til most av eple som har fått nasjonal merksemd.

Kraftforkrevande produksjonar har utfordringar i høve til marknaden, men kornproduksjonen kan med fordel aukast. Det har vore betydeleg og relativt jamn tømmeravverking i Midt-Telemark kommune i ein lengre periode, men med potensiale for enda større ressursutnytting og verdiskaping.

Klimagassutslepp


Jf. statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane, skal kommunane i kommuneplanen eller i kommunedelplan innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging. Klimagassutslepp frå Midt-Telemark kommune består både av direkte utslepp innanfor kommunen sine grenser og indirekte utslepp andre stader p.g.a. forbruk m.m. i kommuneorganisasjonen, næringslivet og hjå innbyggjarane. Direkte klimagassutslepp i Midt-Telemark kommune består i hovudsak av utslepp frå jordbruk og vegtrafikk (Miljødirektoratet). Utsleppsreduksjonen som har vore sidan 2009 er i hovudsak tatt innanfor oppvarming og «annan mobil forbrenning» (anleggsmaskinar, traktorar mm).



Figur 39 Utslepp av klimagassar fordelt på kjelde (Miljødirektoratet)


Klimafotavtrykket frå kommunen sin eigen verksemd, dvs. klimagassutslepp som kommunal verksemd forårsakar er vist i Figur 41 og Figur 40 (Asplan Viak). Kommunal verksemd i Sauherad ga 900 kg CO²-ekvivalentar pr. innbyggjar, dvs. 8% over landsgjennomsnittet. I Bø ligg utslepp frå kommunal verksemd om lag 5% under landsgjennomsnittet.

I Sauherad er det kategorien kjøp av tenester som gir det største bidraget totalt, og størst er bidraget i denne kategorien innanfor helse. Konsulenttenester og kjøp av kjernetenester til sosial omsorg skil seg mest ut. I kategorien «anna» har bygg og infrastruktur eit stort bidrag, med nesten 40% av det totale bidraget frå bygg og infrastruktur. Bakgrunnsdata syner at dette kjem frå drift og vedlikehald av bygg og veg. Klimafotavtrykket frå energi fordeler seg relativt jamt på fleire kategoriar, medan fotavtrykket til reise og transport utelukkande kjem frå grunnskular og helse- og sosialtenester.



Figur 40 Klimafotavtrykk for Sauherad kommune si verksemd i 2016 (Asplan Viak)

I Bø står helse og sosial for 34 % av det totale klimafotavtrykket, og forbruksvarer, m.a. matvarer, skil seg ut som ein viktig bidragsyter. I kategorien «anna» gir bygg og infrastruktur eit høgt bidrag, noko som skyldast m.a. kommunale bustader. Klimafotavtrykket frå energi har store bidrag innanfor helse, men også for skular og vatn, avløp og renovasjon (VAR).




Figur 41 Klimafotavtrykk for Bø kommune si verksemd i 2016 (Asplan Viak)

Vedlikehald av eksisterande infrastruktur og bygningsmasse er vesentlig for å redusere energibruk og klimagassutslepp. Midt-Telemark kommune bruker 2,9 mill kr mindre enn samanliknbare kommunar (kommunegruppe 11) på vegvedlikehald (Framsikt 2019). Når det gjeld vedlikehald av bygningsmasse, nyttar Midt-Telemark kommune ca. 50% mindre ressursar enn samanliknbare kommunar. Dette utgjer ca. 1,8 mill. kr. Driftsutgiftene er ca. 11% høgare enn i kommunegruppa.

Lekkasje frå det kommunale leidningsnett for vatn er dårleg utnytting av ressursar og fører til eit høgare vassforbruk enn naudsynt. Kommunebarometeret viser at det er svært høg lekkasje frå ledningsnett i Sauherad (327.plass blant kommunane i landet), medan situasjonen er betre i Bø (124.plass i landet).

Kompakt utbyggingsmønster og klimavenleg transport

Eit kompakt utbyggingsmønster i og rundt sentra er ein føresetnad for å få tilfredsstillande kollektivløysingar, ivareta eit variert tilbod av handel og tenester, for at flest mogleg skal kunne gå og sykle til daglege gjeremål, for å etablere attraktive sosiale møteplassar og unngå nedbygging av dyrka mark. Figur 14 viser korleis busetting i Midt-Telemark kommune fordeler seg på sentra. I Bø bur 60% av befolkninga i tettbygde strøk, medan i Sauherad bur 40% i tettbygd strøk (SSB). Framtidig senterstruktur og hovudtrekk i utbyggingsmønsteret i Midt-Telemark kommune er fastsett i samfunnsdelen av kommuneplanen og visualisert under.



Figur 42 Prinsippkisse av arealstrategi frå samfunnsdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune

Hovudsykkelnettet i Bø er fastsett i sykkelplan for Bø, og vil bli fastsett også i Sauherad i samla sykkelplan for Midt-Telemark i løpet av 2019. Av dei kommunale vegane er det tilrettelagt for syklande langs 20 av dei 150 km. Langs riksveg manglar g/s-veg mellom Mannebru og Gvarv, men denne er no under regulering og prosjektering. Langs fylkesveg manglar det sykkeltilrettelegging langs strekningar som Langkåshaugen-Oterholt, Gvarv-Hørte og Gvarv-Akkerhaugen.

Togtilbodet på Sørlandsbanen gir eit godt pendlartilbod og er eit svært viktig tilbod for studentane ved Campus Bø. Det same gjeld busstilbodet langs rv 36, medan busstilbodet frå Gvarv mot Notodden og utanfor Bø sentrum ikkje er godt nok for ungdom og andre som ikkje disponerer bil. I område i tilknytning til Bø sentrum - Sommarland vart Bøbussen erstatta med bestillingstenesta HentMeg 1.7.20 som eit pilotprosjekt i Telemark.

Attraktive og tilgjengelege natur- og friluftsområde


Tilgangen til natur- og friluftsområde har betydning både for folkehelsa og for bustad- og besøksattraktiviteten for Midt-Telemark. I løpet av 2019 blir dei viktaste friluftsområda kartlagt og verdisett. Dette blir viktig kunnskapsgrunnlag for framtidige arealplanar. Det ligg ikkje føre nokon oversikt over tilrettelagte bade- og utfarstplassar i Midt-Telemark kommune, og dette vil det vere behov for å kartlegge i framtidig idrett- og frilufsplan for ny kommune. Det er ifølgje Kommunebarometeret stor forskjell kommunane når det gjeld utgifter til rekreasjon i tettstader pr. innbyggjar. Her kjem Sauherad på 53.plass i landet, medan Bø kjem på ein 265.plass. Ti område i Midt-Telemark kommune er verna etter naturmangfaldlova. Dei største areala er skogareal som er del av Skrim og Sauheradfjella naturreservat og Gygrestolen naturreservat og våtmark i Årnesbukta og Bråfjorden.

Samarbeid om innovasjon og nyskaping

Midt-Telemark kommune og Nome kommune samarbeider no om ein felles strategisk næringsplan, som vil vere førande for Midt-Telemark næringsutvikling, Visit Bø og Midt-Telemark landbrukskontor sine prioriteringar. Samfunnsdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune og samfunnsdelen for Nome er utgangspunkt for planen. USN ønskjer å etablere ein Forskingspark på Campus Bø m.a. for å kople USN tettare på næringslivet. Kor denne blir etablert er avhengig av kva løysing som blir valt for Gullbring kulturanlegg. USN har signalisert at dei ønskjer Forskingspark i Gullbring i samarbeid med kommunen, alternativt ei eigen løysing i samarbeid med Statsbygg.

God beredskap

Kunnskap om risiko og sårbarhet i lokalsamfunnet skal ligge til grunn for mål for klimatilpassa og trygg samfunnsutvikling. Hausten 2019 vil kommunestyret vedta ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Midt-Telemark kommune. Denne skal følgjast opp av beredskapsplan og i arealdelen av kommuneplanen. Fylkesmannen utarbeidar kvart år ei beredskapstrapp basert på «sjølvmelding» frå kommunane om beredskapsarbeidet. I 2018 låg både Bø og Sauherad på trinn C (trinn A til F).



Figur 43 Beredskapstrappa for Vestfold og Telemark 2018 (Fylkesmannen i Vestfold og Telemark)

5. Kjelder

- Asplan Viak 2018. Klimaregnskap, tiltaksanalyse og samordningsvurdering for Telemark fylke.
- Folkehelse rapporten: Helsetilstanden i Norge 2018, FHI
<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/helsetilstanden-i-norge-20182.pdf>
- Framsikt 2019. Økonomianalyse Midt-Telemark kommune. Framsikt AS.
- Kommunal Rapport. Kommunebarometeret 2019.
- Kommunehelsa. Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no/webview/>. Folkehelsedirektoratet.
- Miljødirektoratet. Utslipp av klimagassar i kommunar og fylke.
<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner?area=128§or=-2>.
- Mossige, S., & Stefansen, K. (2016) Vold og overgrep mot barn og unge Omfang og utviklingstrekk 2007–2015 (NOVARapport 5/2016).
- Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Dekningsinformasjon:
<https://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/dekningsinformasjon>
- Norconsult 2018. Areal- og transportanalyse for Bø og Sauherad kommuner. Rapport.
- NSD. Database for statistikk om høgre utdanning.
https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/rapport.action?visningId=251&visKode=false&admdebug=false&columns=arstall&index=2&formel=1022&hier=instkode!9!campuskode!9!progkode&sti=Universitetet%20i%20S%C3%B8r%C3%B8st-Norge¶m=dep_id%3D1!9!kategori%3D5!9!instkode%3D1176
- SHOT 2018. Studentane si helse- og trivselsundersøking.
- SSB. Folkemengd i tettbygde og spredtbygde strøk pr. 1.1.18.
<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft/aar>
- Statens vegvesen. Vegkart.
[https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlag:geodata/vegreferanse:146727.62678858693:6606119.295571925/hva:\(~\(farge:'0_1,id:540\)\)/hvor:\(kommune:\(~821\)\)/@163330,6601615,10/vegobjekt:275753629:40a744:540](https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlag:geodata/vegreferanse:146727.62678858693:6606119.295571925/hva:(~(farge:'0_1,id:540))/hvor:(kommune:(~821))/@163330,6601615,10/vegobjekt:275753629:40a744:540)
- Telemarkforskning. Regional analyse. <http://regionaleanalyser.no/report>
- Telemarkforskning 2018. Tillitsmåling Midt-Telemark. TF-rapport nr 422.
- Telemarkforskning 2019. Arbeidsplassar og næringsattraktivitet i Midt-Telemark. Scenario folketal for Midt-Telemark. E-postar frå Knut Vareide 4. og 5.9.19

- Ungdata 2018. Ungdata.no.
- Udir, Skoleporten, <https://skoleporten.udir.no/>